

6A. Årsrekneskap 2019

Norsk pasientskadeerstatning

1 Kommenterar frå leiinga

Formål

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett instruks for Norsk pasientskadeerstatning – oppdatert per 15.05.2019.

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) er ein statleg etat underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. Vi behandlar erstatningskrav frå pasientar i offentleg og privat helseteneste som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

Rekneskapen for drifta i verksemda blir ført etter kontantprinsippet slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Drifta er samansett av tre utgiftspostar og to inntektspostar som alle blir løyvde over statsbudsjettet. NPE tek imot tildelingsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet med budsjetttrammene for drifta.

NPE forvaltar desse to fonda:

Fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste – skal finansiere utbetalingar av erstatningar for pasientskadar oppstått i offentleg helseteneste. Fondet skal ikkje dekkje driftskostnader i Norsk pasientskadeerstatning (NPE), i Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten, eller utgifter pasientar har til advokatar knytte til saker i offentleg helseteneste. Driftsutgifter og utgifter til advokatar som pasientar brukar blir førte på høvesvis post 01 og post 70. Fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste - består av tilskot frå regionale helseføretak, fylkeskommunar og kommunar. Kvart år blir det innbetalt tilskot til fondet basert på prognosar. Tilskota blir avrekna mot faktiske tal ved fyrste fakturering påfølgjande år.

Fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste - skal finansiere driftskostnader til å behandle saker om erstatning, og utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i privat helseteneste. Driftskostnadene omfattar både saksbehandlingskostnader og administrasjonskostnader, inkludert nødvendige utgifter til IKT-system, register over private aktørar, og andre kostnader som er påkravd for å kunne forvalte ordninga for privat helseteneste.

Dekning av driftskostnadene omfattar saksbehandling både i Norsk pasientskadeerstatning og i den delen av Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten som forvaltar saker under pasientskadeordninga (Pasientskadenemnda). Inntektene til fondet blir finansiert av tilskot betalt av private aktørar etter pasientskadeloven § 8. Inntekter frå driftsutgifter blir inntektsførte på post 50 som ei inntekt.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i høve til Reglementet for og bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. punkt 3.4. Vi meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilde av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld for NPE.

Vurdering av vesentlege forhold

NPE tok imot omlag like mange saker i 2019 som i 2018. Vi produserte i underkant av 10 prosent fleire saker i 2019 enn i 2018. Det har aldri blitt utbetalt så mykje erstatning i løpet av eit år som i 2019. Totalt blei det utbetalt 1074 mill. kroner. Saksbehandlingstida har gått vesentleg ned i 2019, og var berre 5 dagar frå å nå målet om ei saksbehandlingstid på 240 dagar. Produktiviteten i 2019 auka med 8 prosent samanlikna med 2018.

Årets tildeling

NPE har ei samla tildeling på 207,8 mill. kroner til ordinær drift. Samanlikna med 2018 er det ein auke på 6 mill. kroner frå 2018. Av samla tildeling er 2,0 mill. kroner kompensasjon for lønnsoppgjeret i staten, og 0,1 mill. kroner blei overførte frå 2018.

Driftsutgifter post 01

Rekneskapen for 2019 viser eit samla meirforbruk på 12,2 mill. kroner, som blir dekt av meirinntekter på 21,2 mill. kroner. Samanlikna med 2018 ble meirforbruket redusert med rundt 1 mill. kroner, sjølv om det i 2019 blei gitt over 6 mill. kroner meir i samla tildeling. Mindreforbruket på 8,9 mill. kroner vil vi søkje om å overføre til 2020. I 2019 blei fond for privat helseteneste skuldskrive med 3,7 mill. kroner for mykje. Dette vil bli avrekna i overføringa frå fondet i 2020. Det betyr at den reelle meirinntekta er på dryge 5,2 mill. kroner.

SAMLA TILDELING				
Utgiftskapittel	741.01	741.70	741.71	Sum utgifter
Overført frå i fjor	123 000	-	-	123 000
Årets tildeling	205 664 000	39 327 000	10 304 000	255 295 000
RNB/omgruppering	-	-	50 000 000	50 000 000
Lønnsoppgjer	2 045 000	-	-	2 045 000
Samla tildeling kap. 741	207 832 000	39 327 000	60 304 000	307 463 000
Rekneskap	220 131 194	38 852 565	60 780 241	319 764 000
Avvik tildeling og rekneskap	- 12 299 194	474 435	- 476 241	- 12 301 000

Nærare om enkelte store utgiftspostar

Utgifter til løn var i 2019 121,4 mill. kroner. I tillegg kjem 11,3 mill. kroner i pensjonspremie til Statens pensjonskasse (SPK). Dei samla lønsutgiftene tilsvarar 55 prosent av driftsutgiftene i NPE.

Utgiftene til medisinsk sakkunnige var i 2019 39,7 mill. kroner. Det tilsvarar 19,1 prosent av driftsutgiftene i NPE. NPE prioriterer i størst mogleg grad å nytte medisinsk sakkunnige som er tilknytte gjennom avtalar fordi dette er meir kostnadseffektivt enn enkeltstående sakkunnigoppdrag. Utgiftene har auka med 2,4 mill. kroner i høve til 2018. Dette skuldast auka produksjon.

NPE brukte 18,7 mill. kroner på varer og tenester hos Norsk Helsenett (NHN) i 2019. Det er ein auke på 33 prosent frå året før, og skuldast mellom anna heilårsverknaden av at NHN har teke over oppgåvene til NPE med postmottak og skanning som eit ledd i konsernmodellen for etatar under Helse- og omsorgsdepartementet.

Post 70 Advokatutgifter

Posten dekkjer utgifter pasientar har til advokathjelp etter pasientskadeloven § 11. Totale utgifter i 2019 blei 38 mill. kroner. Dette gir eit mindreforbruk på 0,4 mill. kroner.

Post 71 Særskilde tilskot (erstatningsutbetalingar knytte til svineinfluensavaksinen m.m.)

Posten dekkjer utgifter til erstatningar og honorar i skadesaker der staten har eit særskilt ansvar. I all hovudsak er utgiftene knytte til svineinfluensavaksinen Pandemrix. I 2019 var det ein monaleg auke i erstatningsutbetalingar. Det skuldast mellom anna satsinga på å behandle saker som er over to år gamle. NPE fekk tilført 50 mill. kroner i omgrupperingsproposisjonen. Samla forbruk blei 60,780 mill. kroner, som tilsvarar ein auke på 45 % frå året før. Det blei eit meirforbruk på posten på 0,476 mill. kroner.

Inntektskapittel 3741

SAMLA TILDELING			
<i>Inntektskapittel</i>	3741.02	3741.50	Sum inntekter
<i>Årets tildeling</i>	6 602 000	17 802 000	24 404 000
<i>Samla inntektskrav</i>	6 602 000	17 802 000	24 404 000
<i>Rekneskap</i>	10 872 220	34 764 376	45 636 596
<i>Avvik tildeling og rekneskap</i>	- 4 270 220	- 16 962 376	- 21 232 596
<i>Mindreforbruk post 01, 02 og 50</i>	8 933 402		

Meirinntektene må sjåast i samanheng med kap. 074, post 01. NPE har meirinntektsfullmakt for å dekkje opp meirutgifter på post 01. NPE har samla sett eit mindreforbruk på 8,933 mill. kroner i 2019. Fondet for privat helseteneste lasta med 3,7 mill. kroner for mykje, jf. omtale under driftskostnader. Det vil seie at det reelle mindreforbruket er på 5,2 mill. kroner.

Post 02 Diverse inntekter

NPE behandlar krav om erstatning som følgje av legemiddelskade på vegner av Norsk Legemiddelforsikring AS (NLF). Inntektene frå legemiddelsaker er på omlag same nivå i 2019 som i 2018. NPE utviklar og leverer IKT-tenester til Helseklage. Helseklage betalte i 2019 8,465 mill. kroner for IKT-tenester levert av NPE. Totale meirinntekter på post 02 var i 2019 4,270 mill. kroner.

Post 50 Premie frå private

På posten fører vi inntekter som betaling for at NPE forvaltar pasientskadeordninga for privat helseteneste. Midla blir overførte frå fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste - og blir inntektsført på post 50. Aktørane i privat helseteneste skal fullt ut dekkje utgiftene knytte til pasientskadesaker frå dette området. Justert for dei 3,7 mill. kronene som blei lasta for mykje blei dei reelle inntektene 31,009 mill. kroner. Dette gir ei meirinntekt på 13,207 mill. kroner. NPE avslutta i 2019 fleire saker innan privat helseteneste enn i 2018. Meirinntekta skuldast at driftsutgiftene ved å forvalte ordninga for privat helseteneste, inkludert advokatutgifter, i 2019 blei høgare enn

budsjettert. Auken i driftsutgiftene skuldast fleire mottekne og avvikla saker i 2019 og justert utrekningsmåte.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Norsk pasientskadeerstatning. Vurdering av rekneskapen vil gå fram av revisjonsmeldinga som NPE tek imot våren 2020. Revisjonen for i år er per i dag ikkje fullført.

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Rolf Gunnar Jørstad', with a stylized flourish at the end.

20.05.2020

Rolf Gunnar Jørstad, direktør

2 Prinsippnote til årsrekneskapen for drifta i NPE

Prinsippa for utarbeiding av årsrekneskapen

Årsrekneskap for drifta i NPE er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsett i i reglar om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsrekneskapen er i høve til krav i reglane punkt 3.4.1 og nærare reglar i rundskriv R-115 av september 2019, punkt 8 frå Finansdepartementet.

Oppstilling av rapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i reglane punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følger kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto sum.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krav i reglane punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i både oppstillingane.

Verksemda er knytt til konsernkontoordninga staten har i Noregs Bank i høve til krav i reglane pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein rett til å trekkje på konsernkontoen sin. Saldoen blir nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser inneståane verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonna «samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigarar og plikter verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigarar og gjeld som inngår i mellomvere med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein rett til å trekkje på konsernkontoen sin i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er difor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av løyvingrapportering 31.12.2019							
Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2019	Meirutgift (-) og mindreutgift
0741	Norsk pasientskadeerstatning	01	Driftsutgifter	A, B	207 832 000	220 131 194	-12 299 194
0741	Norsk pasientskadeerstatning	70	Advokatutgifter	A, B	39 327 000	38 852 565	474 435
0741	Norsk pasientskadeerstatning	71	Særskilde tilskot	A, B	60 304 000	60 780 241	-476 241
					0	0	
1633	Nettoføringsordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Nettoordning for mva i staten	Artskontorapp.	0	8 386 927	
<i>Sum utgiftsført</i>					307 463 000	328 150 927	
Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling	Rekneskap 2019	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3741	Norsk pasientskadeerstatning	02	Diverse inntekter	B	6 602 000	10 872 220	4 270 220
3741	Norsk pasientskadeerstatning	50	Premie fra private	B	17 802 000	34 764 376	16 962 376
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse	Artskontorapp.	0	248 129	
5700	Folketrygd inntekter	72	Arbeidsgivaravgift	Artskontorapp.	0	15 443 009	
<i>Sum inntektsført</i>					24 404 000	61 327 734	
Netto rapportert til løyvingrekneskapen						266 823 193	
Kapitalkontoar							
60080001	Noregs Bank KK /innbetalingar					48 881 852	
60080002	Noregs Bank KK/utbetalingar					-316 146 770	
707010	Endring i mellomvere med statskassen					441 725	
<i>Sum rapportert</i>						0	
Innestående rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)							
					31.12.2019	31.12.2018	Endring
707010	Mellomvere med statskassen				-4 426 323	-4 868 048	441 725

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar 01.01.2019	Lønssoppgjær 27.09.2019	Prop: p19/19-20 11.22.2019	Årets tildelingar	Samla tildeling
074101	123 000	205 664 000	2 045 000		207 709 000	207 832 000
074170		39 327 000			39 327 000	39 327 000
074171		10 304 000		50 000 000	60 304 000	60 304 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbar sum til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastings- fullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindreutgift etter avgitte belastings- fullmakter	Meirinntekter / mindre-inntekter (-) iht. meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbar sum	Mogleg overførbar sum utrekna av verksemda
074101/374102/374150		-12 299 194		-12 299 194	21 232 596			8 933 402	10 391 600	8 933 402
074170		474 435		474 435						
074171		-476 241		-476 241						

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter

NPE har fullmakt til å bruke meirinntekter på kap. 3741 postane 02 og 50 til å dekkje meirutgifter under kap. 741 post 01. NPE vil søkje om å overføre mogleg overførbar sum på 8 932 988 til 2020. NPE har ikkje spesielle fullmakter knytt til kap. 0741 postane 70 og 71.

Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2019

	Note	2019	2018
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	34 764 376	25 344 684
Sals- og leigeinnbetalningar	1	10 872 220	12 531 338
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>		45 636 596	37 876 022
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til løn	2	126 935 622	121 775 388
Andre utbetalningar til drift	3	93 204 519	93 277 863
<i>Sum utbetalningar til drift</i>		220 140 141	215 053 251
Netto rapporterte driftsutgifter		174 503 545	177 177 229
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	0	108 380
Utbetaling av finansutgifter	4	2 270	805
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		2 270	109 185
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 270	109 185
Innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten			
<i>Sum innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		0	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	6	99 621 589	84 740 234
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		99 621 589	84 740 234
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		248 129	268 418
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		15 443 009	14 770 218
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		8 386 927	9 435 001
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		-7 304 211	-5 603 634
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		266 823 193	256 423 015
Oversikt over mellomvere med statskassen		0	
Eigedelar og gjeld			
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-4 425 986	-4 386 310
Skuldige offentlege avgifter		-799	-494 935
Anna gjeld		462	13 197
Sum mellomvere med statskassen	7	-4 426 323	-4 868 048

Note 1 Innbetalingar frå drift

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Innbetalingar frå gebyr</i>		
<i>Sum innbetalingar frå gebyr</i>	0	0
<i>Innbetalingar frå tilskot og overføringar</i>		
Andre tilskot og overføringar (3741.50)	34 764 376	25 344 684
<i>Sum innbetalingar frå tilskot og overføringar</i>	34 764 376	25 344 684
<i>Sals- og leigeinnbetalingar</i>		
Inntekt legemiddelsaker	2 346 300	2 292 900
Salsinntekt, unnateke frå avgiftsplikt	60 000	0
Innbetaling frå Helseklage for IT-tenester	8 465 920	10 238 438
<i>Sum sals- og leigeinnbetalingar</i>	10 872 220	12 531 338
<i>Andre innbetalingar</i>		
<i>Sum andre innbetalingar</i>	0	0
Sum innbetalingar frå drift	45 636 596	37 876 022

Innbetalingar frå drift består i hovudsak av belastning av driftsutgifter frå fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste. I 2019 blei fondet feilaktig skuldskrive for 3,7 mill. kroner for mykje og dermed er den reelle inntekta på 31 mill. kroner. Det er ein auke på 6 mill. kroner frå 2018. Hovudårsaka er at det blei teke imot og avslutta fleire saker knytte til privat helseteneste, og justert utrekningsmåte for driftsutgifter. Nivået på inntekter frå legemiddelsaker held seg omlag på same nivå som i fjor. Inntekter frå Helseklage blei noko redusert på grunn av lågare IT-aktivitet på slutten av året. NPE deltok i 2019 i eit prosjekt «Lost in transaction – korleis finne ny kunnskap om korleis medisinsk naudmeldeteneste sviktar basert på avviks- og erstatningssaker». Vi tok imot salsinntekter på 60 000 kroner for deltakinga.

Note 2 Utbetalingar til løn

	31.12.2019	31.12.2018
Løn	97 751 516	94 979 932
Arbeidsgivaravgift	15 443 009	14 770 218
Pensjonsutgifter*	11 364 767	11 043 876
Sjukepengar og andre refusjonar(-)	-2 427 204	-3 908 641
Andre ytingar	4 803 533	4 890 004
Sum utbetalingar til løn	126 935 622	121 775 388
**Talet utførte årsverk:	146,6	144,1

Utgifter knytte til utbetaling av honorar har i 2019 blitt omgruppert til konto 6781 og 6782 frå høvesvis 5330 og 5391. Bakgrunnen er at desse utbetalingane ikkje er oppgåvepliktige og difor ikkje blir definerte som honorar. Kolonne for 2018 har blitt korrigert tilsvarande.

* Nærare om pensjonskostnader

Pensjonar blir kostnadsførte i resultatrekneskapen basert på faktisk oppsamla premie for rekneskapsåret. Premiesats for 2019 er 14 prosent. Premiesatsen for 2018 var 12 prosent.

** faktiske utførte årsverk

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2019	31.12.2018
Husleige	20 424 571	18 601 027
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	45 956	76 853
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	853 253	1 352 762
Mindre utstyrsinnkjøp	199 107	329 690
Leige av maskiner, inventar og liknande	3 019 429	3 153 854
Kjøp av konsulenttenester	27 892 995	30 871 249
Kjøp av framande tenester	37 163 682*	34 926 776*
Reiser og diett	237 268	234 869
Andre driftsutgifter	3 368 257	3 730 782
Sum andre utbetalinger til drift	93 204 519	93 277 863

Driftsutgiftene har totalt halde seg på same nivå som i 2018. Dei største endringane er auka utgifter til husleige på 1,8 mill. kroner og kjøp av medisinsk sakkunne med ein auke på 2,2 mill. kroner. Utgiftene til Norsk Helsenett og utgifter til konsulentar generelt er reduserte med til saman 3 mill. kroner. Dette skuldast mellom anna noko lågare IT-aktivitet på slutten av året.

Sakkunnig honorar har blitt omgrupperte til artskonto 678 Kjøp av framande tenester i 2019. Bakgrunnen er at desse utbetalingane ikkje er oppgåvepliktige, og difor ikkje skal behandlast gjennom lønssystemet. Artskonto 678 Kjøp av framande tenester blir brukt i integrert del av den offentlege tenesteytinga til verksemda, og fell difor ikkje inn under andre kontoar.

*Frå og med 2019 blir konsulenttenester og andre framande tenester presenterte separat. Tal frå 2018 er korrigerede tilsvarande.

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	2 270	805
Sum utbetaling av finansutgifter	2 270	805

Utbetaling av finansutgifter gjeld i hovudsak renteutgifter til kredittkort. Ordninga med kredittkort i NPE blei avvikla frå 01.11.2019.

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle eigedelar og liknande	0	108 380
Sum utbetaling til investeringar	0	108 380

	31.12.2019	31.12.2018
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

	31.12.2019	31.12.2018
Tilskot til ikkje-finansielle føretak (advokatutgifter)	38 852 565	42 982 573
Særskilde tilskot	60 769 024	41 757 661
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	99 621 589	84 740 234

Særskilde tilskot (post 71) dekkjer erstatningar i saker der staten har særskilt ansvar, i hovudsak vaksineskadesaker. I 2019 gjekk utbetalingane monaleg opp og vi søkte Helse- og omsorgsdepartementet om budsjettstyrking i omgrupperingsproposisjonen. Auken skuldast unormalt høge erstatningsutbetalingar.

Note 7 Samanhengen mellom avrekning med statskassen og mellomvere med statskassen

Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassen og mellomvere med statskassen

	31.12.2019	31.12.2019	Skilnad
	Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassen	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomvere med statskassen	
Finansielle anleggsmiddel			
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmiddel			
<i>Sum</i>	0	0	0
Langsiktig gjeld			
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-5 635 242	0	-5 635 242
Skuldig skattetrekk	-4 425 986	-4 425 986	0
Skuldige offentlege avgifter	-799	-799	0
Anna kortsiktig gjeld	-1 537 447	462	-1 537 909
<i>Sum</i>	-11 599 474	-4 426 323	-7 173 151
Sum	-11 599 474	-4 426 323	-7 173 151